

Møte: **Årsmøte NMCU Sogn og Fjordane**

Møtedato: **16. januar 2025 kl. 19:00**

Møtestad: **Microsoft Teams**

[Join the meeting now](#)

Meeting ID: 318 987 415 858

Passcode: RT6EH96k

Til medlemmar i NMCU Sogn og Fjordane

NMCU legg no bak seg eit innhaldsrikt og spennande år der vår organisasjon har vore sær s ynleg i trafikksikkerheitsarbeidet. Vi ser at vårt dedikerte arbeid held seg oppe, og at våre argument i møte med regionale og nasjonale myndigheiter får stadig meir anerkjenning i norske forskingsmiljø.

Her hjå oss i NMCU Sogn og Fjordane har vi det siste året fått på plass eit styre på fem personar. Det betyr at vi har eit fullverdig styre. Vidare seier [vedtektene](#) angående val:

- ✓ leiar skal veljast for to år, med val i oddetalsår
- ✓ nestleiar veljast for to år, med val i partalsår
- ✓ kasserer veljast for to år, med val i partalsår
- ✓ styremedlemar veljast for 2 år og fordelast på oddetalls-/partalsår

Det er også ønskjeleg at årsmøtet vel:

- ✓ to varamedlemar for eitt år
- ✓ to medlemmer som valkomite for eitt år
- ✓ revisor for ett år

Dette betyr at på årsmøtet den 16. januar er leiar og minst eitt av styremedlemane på val. Alle i sitjande i styre er innstilte på å ta attval.

Styreleiar	Arvid Stenehjem	på val i 2025
Nestleiar	Knut Bøthun	på val i 2026
Kasserar	Vidar Andre Heier	på val i 2026
Styremedlem	Jeroen Mosmann	på val i 2026
Styremedlem	Geir Lyngaas	på val i 2025

Vi kallar med dette inn til årsmøte i NMCU Sogn og Fjordane.

Årsmøtet vert gjennomført elektronisk på plattformen [TEAMS](#) den 16. januar klokka 19.00.

Dagsorden – på kretsårs møte skal følgjande saker handsamast:

1) Opning

Kretsstyret sin leiar (Arvid Stenehjem) ønskjer velkommen til kretsårs møte i NMCU Sogn og Fjordane

2) Konstituering

- a. Registrering av stemmer
- b. Godkjenning av innkalling og dagsorden
- c. Val av møteleiar
- d. Val av referent
- e. Val av teljekorps
- f. Val av to personar til å skrive under protokollen

3) Styret si årsoppgåve

Styret var fram til sommaren 2024 bestående av Arvid Stenehjem og Knut Bøthun. Vi fekk etter kvart på plass resterande medlemmar. Medlemmane av NMCU i fylket vart utfordra på å godkjenne oss. Det kom inn berre to stemmer som applauderte framlegga. Dei resterande medlemmane (mellom 60 og 70) hold seg stille og gav ikkje tilbakemelding.

Vi har gjennomført to møter på Teams. I tillegg til telefonsamtalar og kontakt via sosiale media.

Vi deltok med eige stand på vårmønstringa til Sogndal amcarklubb. Dette er eit stort arrangement open for alle midt i Sogndal sentrum.

Fylkessekretær/styreleiar Arvid Stenehjem har delteke i MC-Forum for Møre og Romsdal – 2 møter i 2024. I påvente av etablering av eige MC-Forum for Vestland fylke har invitten frå Møre og Romsdal vore interessant og lærerik. NMCU Hordaland har dialogen med Vestland fylkeskommune for å få på plass felles MC-Forum for oss i 2025.

Fylkessekretær A. Stenehjem deltok også i fylkeskommunen sin trafikktryggleikskonferanse i Bergen en 3. desember. Her møttest også vi med NMCU Hordaland sin fylkessekretær Sissel Stuberg (ho sit også i sentralstyret). Vi la litt planer for fellestand på Voss tidleg sommar 2025.

Framlegg til vedtak: Teken til vitande og godkjent

4) Rekneskap/Økonomioversikt

Kretsen har ubrukt ståande kr. 4 000,- på konto i Sparebanken Vest, Sogndal. Desse midlane vart overført til oss frå NMCU sentralt. Vi har ikkje andre inntekter eller andre utgifter i 2024. Det ligg difor ikkje føre eige rekneskap enn denne forklaringa. Det er heller ingen oppgåve å revidere for revisor.

Framlegg til vedtak: Teken til vitande og godkjent

5) Innkomne saker

Det er ikkje motteke saker frå medlemne til handsaming på kretsårs møtet. Fristen vart sett til 2. januar 2025.

Framlegg til vedtak: Teken til vitande

6) Planar for aktivitet i 2025 med budsjettframlegg

Skrive pressemeldingar til alle aviser, nettaviser og TV-selskap i Hordaland og Sogn og Fjordane. For media som ligg i gamle Hordaland vert fylkessekretæren der kontaktpunkt for eventuell vidare intervju etc.

- Sjå oss dagen primo mai mnd i Sogndal og i Stryn
- Møte NMCU Hordaland på Voss med felles stand
- Delta med stand på aktuelle motorstemner i fylket
- Møte med trafikkskular

Budsjett for planlagt aktivitet i 2025

Vi har ikkje laga eige budsjett for desse aktivitetane men overlèt til styre og godkjenne bruken av våre midlar (p.t. kr. 4000,-) til dekking av private

utgifter. Vi vil også søkje om pengar frå NMCU sentralt. Vi vil også få «giveaways» frå NMCU sentralt, men er varsla om at vi må betla sjølv den uniforminga som vi treng for å kunne stå på stand etc. Det dreier seg om t-skjorter/jakker og vimplar/flagg.

Framlegg til vedtak: Teken til vitande og godkjent

7) Val

Styreléiar	Arvid Stenehjem	på val i 2025
Nestleiar	Knut Bøthun	på val i 2026
Kasserar	Vidar Andre Heier	på val i 2026
Styremedlem	Jeroen Mosmann	på val i 2026
Styremedlem	Geir Lyngaas	på val i 2025

To varamedlemar for eitt år:

To medlemmer som valkomite for eitt år:

Revisor for ett år:

8) Avslutting

Helsing frå styret
I NMCU Sogn og Fjordane